
Saksnr: 2020/70846-3
Saksbehandlar: Eva Moberg
Dato: 09.11.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Innspel til sak om museumspolitik

I sak i hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 15.10.2020 (PS 128/2020) peiker fylkesrådmannen på aktuelle museumspolitiske utfordringar, mellom anna behovet for å sjå ulike regionale initiativ i samanheng og vurderer desse opp imot nasjonale føringar og ansvarsforholdet mellom stat og fylkeskommune/kommune.

På bakgrunn av dette foreslår fylkesrådmannen konkrete tiltak for vidare innretting av den regionale museumspolitikken. Saka drøftar bevaringstenester, fellesmagasin og etablering av ei ordning med bygningsvernkonsulentar i heile Vestland.

Museumssenteret i Hordaland, Bymuseet i Bergen, Museum Vest og Brukarforum har sendt merknader til saka. Brukarforum er eit utval sett ned av Hordaland fylkeskommune og representerer interessene til dei konsoliderte musea overfor Bevaringstenestene.

<http://www.muho.no/bevaringstenestene/brukarforum>

Merknadane i dei fire innspela gjeld særleg vurderingar knytt til etablering av nytt fellesmagasin, jf. punkt 5 i forslag til vedtak:

«5. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin, men meiner at musea sjølv må finne gode løysingar. Fylkestinget vil ikkje ta eigar- eller utbyggjaransvar for prosjektet, og oppmodar musea i Hordaland om å samarbeide om etableringa og søkje stat, fylkeskommune og kommunar om økonomisk støtte til realisering av tiltaket» (sitat slutt)

Innspela ligg vedlagt.